

- Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes [tidsskriftet@legeforeningen.no](mailto:tidsskriftet@legeforeningen.no)

## Sosiologi på norsk



Pål Repstad  
**Sosiologiske perspektiver  
for helse- og sosialarbeidere**  
 3. utg. 258 s. Oslo: Universitetsforlaget, 2014.  
 Pris NOK 389  
 ISBN 978-82-15-02350-2

Sosiologi handlar om emne ein ofte snakkar om utan å forstå det særlig presist: rolle og makt, profesjon og profesjonskamp, gruppe og organisasjon. Pål Repstad gav i 1997 ut ei lærebok retta mot grunnutdanninga på høgskular og universitet. Den er blitt ei populær fagbok som no kjem i tredje reviderte utgåve.

Boka er oppdelt i 12 kapittel der dei første sju kapitla omhandlar sosiologiske emne generelt, mens dei siste fem kapitla omhandlar helse- og sosialarbeidarane i møte med pasientar, klientar og andre brukarar av tenestene. Forfattaren presenterer både eit makro- og eit mikrososiologisk perspektiv på emnet. Alle kapitla avsluttar med eit avsnitt om vidare lesing og arbeidsoppgåver.

Det er ei god referanseliste, men emnesteikkordregister er utan personstikkord, og akkurat det er ein ørliten mangel. Utsjånaden er keisam. Sjølv om emnet er lite tabloid, omhandlar boka både politisk historie og nátdisfortellinger om velferdsstaten. Nokre illustrerande bilete ville ganske sikkert gjort fleire leesarar lystne på boka.


Fagområdet er stort, men boka er lettlesen. Pål Repstad er god til å formidle. Han nyttar eksempel dei fleste kan kjenne seg igjen i, har ein jordnær, munleg og reflektert skrivemåte som inviterer leсaren til å tenke, eventuelt kome med motførestillingar. Kapitla kan med utbytte lesast isolert, dette er ikkje ei bok ein har på nattbordet for å lese frå A til Å. Forfattaren presenterer sjølv ein lesarinstruks i forordet som eg trur det er lurt å følge.

Dette er ei bok som vil kunne forsvare sin plass på mange pensumlistar, også ut over dei snevre helse- og sosialfaga. Ikkje minst vil mange legar kunne ha nytte av å lese boka.

### John Nessa

Førsteamanuensis, Institutt for global helse og samfunnsmedisin  
 Universitetet i Bergen

## Rehabilitering i hverdagen



Hanne Tuntland, Nils Erik Ness  
**Hverdagsrehabilitering**  
 228 s, ill, Oslo: Gyldendal Akademisk 2014,  
 Pris NOK 365  
 ISBN 978-82-05-45886-4

Målgruppen er bachelorstudenter i sykepleie, fysioterapi, ergoterapi og vernepleie. Forfatterne går brent gjennom viktige perspektiver og elementer, og boken vil derfor også være relevant for et bredt spekter av fagpersoner som arbeider innenfor rehabiliterings- og omsorgsfeltet.

I tillegg til innledning er det 11 kapitler, et etterord og et vedlegg til metodisk fremgangsmåte og vurderingsredskaper. Fremstillingen er vesentlig i form av tekst, men illustrert med enkelte bilder, figurer og tabeller. Det er i stor grad benyttet kasuistikker, og sammen med folkelig terminologi bidrar dette til at boken er lesbar for personer uten spesiell medisinsk bakgrunn. Imponerende nok synes ikke språkvalget å gå på bekostning av presisjonsnivået.

Innledningsvis definerer forfatterne hva hverdagsrehabilitering er, og hvem som kan ha nytte av tilbuddet. Et viktig bakteppe for fremveksten av hverdagsrehabilitering er utfordringene innenfor helse- og omsorgssektoren i norske kommuner. Disse utfordringene beskrives i det andre kapitlet. I dette, så vel som i senere kapitler, er brukerperspektivet tydelig. I ett av kapitlene retter forfatterne særskilt søkelyset mot hvordan eldres hverdagskompetanse kan synliggjøres og anvendes i hverdagsrehabilitering.

Det er en styrke at de etiske dilemmaene innenfor hverdagsrehabilitering tydeliggjøres og diskuteres, og at modeller for å tilrettelegge for etisk refleksjon også presenteres. De etiske dilemmaene på helsepolitiske og organisatorisk nivåer er nok mer omfattende enn det som fremkommer her, men gitt målgruppen synes det å være et fornuftig valg. Avslutningsvis omtales utvikling og effekt av hverdagsrehabilitering. Vedleggene til metodisk fremgangsmåte kunne med hell vært integrert i de respektive kapitlene, mens presentasjon av vurderingsredskaper fungerte godt som vedlegg.

Alt i alt er dette en informativ og leservennlig bok egnet for helsepersonell og andre med interesse for utfordringene i helse- og omsorgssektoren. Også for leger vil dette være nyttig lesing, særlig med tanke på de perspektiver, muligheter og organisatoriske vinklinger som forfatterne presenterer.

### Cecilie Røe

Professor, Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering  
 Oslo universitetssykehus

Oppgitte interessekonflikter: Anmelder har et medforfatterskap med Hanne Tuntland på en Cochrane review av arbeidsplassintervensjoner ved nakkesmerter.